

Årsmelding for 2024

Kvam Næringsråd skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør i lokalsamfunnet.

Styremøte og medlemsutvikling i 2024.

Det er halde 5 styremøte og handsama 45 saker i 2024.

Medlemstalet pr. 31.12.2024 er 93, ein nedgang på 2 frå 2023.

Tillitsvalde i Kvam Næringsråd etter årsmøtet 19. mars 2024:

Styreleiar Tone Søgaard

Nestleiar Lars Kristian Bu

Styremedlemmer: Solveig Botnen, Ingunn Bjørke og Ivar Gaute Kolltveit.

Varamedlemmer: 1.vara Elisabet Janssen 2. vara Jahn Brattli Tolo

Revisor: Jon Magnar Neteland

Drift og administrasjon

Hans Jørgen Andersen har vore engasjert i 40% stilling som dagleg leiar.

Det er utarbeida eit strategidokument for Kvam Næringsråd i 2022 som og gjeld for 2024

Strategi for Kvam Næringsråd 2023-2025

Nettverk for næringslivet



Kvam Næringsråd skal bidra til ei nærings- og samfunnsutvikling i Kvam som gjev gode tilhøve for å drive næring, og vere ein relevant samfunnsaktør.

FOKUSOMRÅDE			
Ein synleg og nyttig næringsorganisasjon for alle verksemdar i Kvam	Påverke rammevilkår for næringsliv i Kvam	Leggje til rette for rekruttering av kompetent arbeidskraft	Bidra i samfunns- og næringsutvikling
VERKEMIDDEL OG TILTAK			
Ein møteplass med attraktive arrangement og gode nettverk ✖ medlemsmøte ✖ frukostmøte ✖ Kvam U40 ✖ informasjonsdeling ✖ vurdere konferanse Avklara forhold til andre aktørar ✖ godt samarbeid med andre Medlemsvekst ✖ kontinuerleg rekrutteringsarbeid Sunn økonomi og driftsbalanse ✖ god økonomistyring ✖ vurdere sponsorinntekter Stor nok organisasjon til å kunne arbeid profesjonelt ✖ frå 40% til 100% stilling Utvikle og marknadsføre eigen organisasjon	Vere ein representant for næringslivet og påverke prosessar som gjev rammevilkår for næringsutvikling i Kvam ✖ høyringsinstans ✖ talerøyr for næringslivet i politiske saker Samferdsel ✖ Hordalandsdiagonalen E134-Bergen ✖ tunnel under Kvamskogen Kraft ✖ ta tak i utfordringar knytt til kraft Samarbeid med andre næringsråd ✖ Næringsalliansen Vestland I samarbeid med Kvam herad ✖ bidra i arbeidet med rulling av kommunelplan for næring ✖ arbeide for å oppretthalde og skaffe nye statlege arbeidsplassar	Relevant utdanningstilbod i regionen Samarbeid med utdanningsaktørane ✖ Handalag opplæringskontor ✖ Kvam vgs ✖ Vestland fylkeskommune ✖ Hardangerrådet Samarbeid med trainee-ordningar ✖ få traineear til Kvam gjennom Framtidsfylket og Trainee Vest Samarbeid med Kvam herad ✖ samarbeid næringslivet og Kvam herad om rekrutteringsarbeid Samarbeid med NAV ✖ engasjere seg i samarbeidet mellom NAV og verksemdene	Kople ressursmiljø saman med medlemsverksemdar ✖ utvikle nettverk med eksterne aktørar Synleggjere Kvam som ein interessant bu- og arbeidsregion ✖ få inn saker om Kvam i regionale og nasjonale media Få fram kunnskap om næringslivets betydning for lokalsamfunna i Kvam ✖ saker om næringslivet i media ✖ kople på akademia Marknadsføre lokale verksemdar ✖ marknadsføre medlemsverksemdar i nettverket
Kvam Næringsråd er ein medlemsstyrt interesseorganisasjon med årsmøtet som øvste organ. Årsmøtet vel styre.			

23.11.22

Økonomi.

Rekneskapen for 2024 syner eit overskot på kr 38.984. Kvam Næringsråd hadde kr 253.406 på bankkonti pr 31. desember 2024. Samla godtgjersle inkl. sosiale utgifter til dagleg leiar i 2024 er kr 346.500. Samla godtgjersle til styreleiing i 2024 er kr 30.000,-.

KNR har motteke kr 100.000 i driftstilskot og 30.000 i prosjekttilskot (kraftfondet) til Unge hardingar frå Kvam herad i 2024.

Medlemsmøte

36 verksemder har vore til stades med ein eller fleire deltakarar på anten frukostmøte eller medlemsmøte. Til saman har det vore 82 deltakarar på desse møta.

Frukostmøte og medlemsmøte:

5. februar	Reiselivsmøte	Visit Hardangerfjord, Trolltunga Active, Hardanger Fartøyvernssenter, Kvam turistinformasjon og Kvam herad
13. februar	frukostmøte NAV	Sjukefråværsoppfølging, førebygge og behalde arbeidskraft, rekruttering og inkludere.
20. mars	frukostmøte DNB	Pensjon og personalforsikring
2. oktober	frukostmøte Framtidsfylket	Om traineeordninga
23. oktober	frukostmøte Jarle Tveiten Transport AS	Om verksemda.

Arrangement der andre var hovudarrangør:

10. oktober	Om kraft	Samspelsmøte med Næringslivet v/Kvam Arbeidarparti, med stortingsrepresentant og medlem av energi- og miljøkomiteen Linda Monsen Merkesdal
-------------	----------	--

Prosjektarbeid.

I 2022 fekk Kvam Næringsråd tilsegn om stønad frå Kvam herad v/Kraftfondet til oppstart av Kvam U40 – pilotprosjekt. Prosjektgruppe vart etablert og, og i løpet av 2023 vart det arrangert 4 samlingar, med til saman 71 deltakara.. Målet var mellom anna å skape eit nettverk og ein møteplass for unge samfunnsinteresserte under 40 år. Undervegs har prosjektet skifta namn frå «Kvam U40» til «Unge hardingar». Prosjektet vart tildelt 30.000 frå Kraftfondet i 2024. Det har dessverre ikkje lukkast å få deltaking på arrangementa og fornye prosjektgruppa etter at fleire av naturlege årsaker har gått ut. Styret vedtok å legge ned prosjektet i styremøte 17. september. Ein takk for godt engasjement til deltakarane i prosjektgruppa.

Prosjektgruppa har bestått av:

Arild Kviþingen, Iverk (2023-2024)

Rune Gangstø, Fusit Data & Teknologi (2023-2024)

Runa Kvamme Ekrem, Kvam herad (2023- jan 2024)

Elisabet Janssen, Sjøtunet (2023)

Tove Botnen, Opinion (2023)

Samarbeid med andre

Døme på samarbeid med andre organisasjonar og strukturar kring oss i løpet av året:

Kvam herad (politisk/administrativt) har invitert KNR til uformelle møte i april og august 2024 saman med Handalag Opplæringskontor og Hardanger og Voss Næringshage .

Øystese Næringslag og Norheimsund Næringslag – Kvam næringsråd har jamleg kontakt med næringslaga.

Framtidsfylket AS har mellom anna tilbod om trainee-program for bachelor- og masterkandidatar. Det er sendt ut informasjon om tilboda til medlemsverksemdar som truleg kunne tilsett trainee(ar), og me har arrangert eit frukostmøte i lag med Framtidsfylket. Om det går som planlagt vil dei to fyrste verksemdene i Kvam starte opp med traineear frå denne ordninga i august 2025.

Invest in Bergen. KNR arbeider for at Kvam herad skal verte medlem i Invest in Bergen. Eit slikt medlemskap har ingen garantiar, en om ein lukkast med arbeidet kan det føre til at utanlandske verksemdar etablerer seg i Kvam.

Hardanger og Voss Næringshage, har hatt jamleg kontakt gjennom året, og deler mellom anna informasjon om arrangement og kurs.

Næringsalliansen Vestland, sjå eige punkt.

Kompetanseforum Hardanger og Voss er leia av Hardangerrådet, og er eit av fem regionale kompetanseforum i Vestland. Det er deltakarar frå fylket og kommunane, lokalt næringsliv og næringsklyngene, opplæringskontora i Hardanger, rektorar frå dei vidaregåande skulene, karrieresenter og NAV. Det er eit overordna mål å avdekka behov og bidra til betre balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse i regionen. Dagleg leiar og/eller styreleiar har delteke på møte i mars, april og desember. Dagleg leiar deltok på stormøte kompetanseforum i oktober for alle dei regionale foruma i Vestland fylke og Kompetanseforum Vestland.

Forregion Vestland skal gjennom bruk av forskning bidra til innovasjon, berekraftig verdiskaping, grøn konkurransekraft og klimaomstilling i verksemdar gjennom bruk av forskning. Dette er ein del av fylkeskommunen si langsiktige satsing på mobilisering til forskning. I 2024 har me vidaresendt informasjon frå Forregion Vestland om midlar til FoU prosjekt, informasjonsmøte m.m. til medlemsverksemdene.

Næringsforeningene i Norge (NiN) er ein samanslutning av næringsråd og -foreiningar i Noreg som vart oppretta i 2024. Dagleg leiar deltok på samling i Trondheim 22.-23. april. KNR er medlem i NiN.

Vervearbeid

Styret og dagleg leiar samarbeider om vervearbeidet.

Informasjonsdeling

I løpet av året er det jamleg sendt ut informasjon til medlemsverksemdene om kurstilbod, konferansar, karrieremesser, Enova, informasjon frå politi og Næringslivets sikkerheitsråd, informasjon frå fylket og heradet til næringsliv m.m.

Uttalar til heradet, fylke og stat frå KNR

22. mars - uttale til Vestland fylkeskommune om strategi for lading av tunge køyretøy

Kvam herad har seinare slutta seg til uttalen i si tilbakemelding til fylket:

..Kvam Næringsråd har gjeve uttale til strategien for lading av tunge køyretøy i Vestland. Kvam herad vil støtte denne uttalen og ser fram til eit samarbeid om ladeløysing for tunge køyretøy i Kvam herad.

27. august - uttale til Hovudutval for opplæring og kompetanse, Vestland fylkeskommune, uro kring innspel om å fjerne VG2 Industrifag på Kvam vgs 2026

17. oktober - innspel til representantane i Kvam heradsstyre, om budsjettarbeidet i 2025. I samarbeid med Norheimsund Næringslag og Øystese Næringslag.

28. oktober –Innspel til planstrategi 2024-2027 for Kvam herad

26. november - innspel til representantane i Kvam heradsstyre, om forslag nye gebyrsatsar Kvam herad 2025 - 2028

E134 Arm til Bergen

Statens vegvesen fekk mandat frå Samferdselsdepartementet om å greie ut arm frå dagens E134 til Bergen.

Arbeidet starta opp hausten 2021, og Statens vegvesen la fram si innstilling august 2023.

Samferdselsdepartementet vedtok 8. oktober 2024 at den vidare planlegginga skal ta utgangspunkt i Konsept 1, som var tilrådinga frå Statens vegvesen.

Det har vore eit breitt samarbeid i Hardanger med m.a. Hardanger Industri, Kvam Næringsråd, Hardangerrådet, Hordalandsdiagonalen AS, E134 Haukelivegen AS og kommunane om å sikre at regjeringa gjekk inn for innstillinga som Statens vegvesen kom fram til konseptvalutgreinga.

Næringsalliansen Vestland.

Næringsalliansen Vestland vart stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk med 17 næringsforeiningar i Vestland.

Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringspolitikk i heile fylket. KNR har delteke på to av fire møte i løpet av 2024.

Næringsalliansen Vestland har engasjert seg i fleire sakar i løpet av året, m.a.

- høyringsfråsegn om Utviklingsplan for Vestland 2024-2028.
- innspel til regjeringa sitt framlegg i mars til Nasjonal transportplan 2025-2036.
- Møte med vestlandsbenken på Stortinget 20.-21. mai, Eit godt høve til å løfte viktige saker opp på eit nasjonalt nivå. Fleire lokale saker frå Kvam teke opp med stortingsrepresentantar.

Næringsalliansen har laga fleire nettbaserte undersøkingar i løpet av året, som KNR har sendt vidare til våre medlemmer.

Utteksling av erfaringar, arbeidsmetodar og deling av utfordringar er noko av det viktigaste alliansen kan leggje til rette for. Dei einskilte næringsråda og -foreiningane er svært ulike av storleik og ressursar, men utbyttet av å dele gode og målretta løysningar og arbeidsformer har me felles.

Årets verksemd i 2023.

Elkem Bjølvefossen fekk si utmerking på årsmøtet til Kvam Næringsråd den 19. mars 2024.

Synleg i lokalpressa

HF 19.mars. Presentasjon av Elkem Bjølvefossen som årets verksemd i Kvam, basert på pressemelding

HF 27.april. Artikkell om etableringa av Næringsforeningene i Norge - basert på pressemelding

HF 10.oktober. Kronikk «Stortingsval i 2025 og næringspolitikk» - basert på pressemelding frå Næringsalliansen/KNR.

Internmarknadsføring av verksemdar

Dette er eit ope tilbod som alle medlemsverksemdar kan nytte. Ingen presentasjonar vart sendt ut i 2024.

Norheimsund 12. februar 2025

Tone Søgaaard – styreleiar /s/

Lars Kristian Bu - nestleiar /s/

Ingunn Bjørke - styremedlem /s/

Ivar Gaute Kolltveit – styremedlem /s/

Solveig Botnen - styremedlem /s/

Hans Jørgen Andersen – dagleg leiar /s/